



Årsmelding for Frivilligsentralen i AUSTRHEIM 2022

Møte mellom menneske

Frivilligsentralen er organisatorisk lagt under helse – og omsorg

Aktivitetar i Frivilligsentralen 2022 – Skildring av tenesteområder

Seniorsenter

- Frivilligsentralen har aktivitetar på dagtid 3 dagar i veka.
Måndag: Herretrim og sosialt samvær
Tysdag: Dametrim og sosialt samvær.
Torsdag: Strikkeklubb, kafé og sosialt samvær med ulike innslag.
- **Barnekor**
Frå 3. – 8. klasse.
Kulturskulen i samarbeid med Frivilligsentralen.
Øving kvar tysdag på Seniorsenteret
Konsert på Vardetangen, våren 2022 – Markerte frivillighetsåret. Samarbeid med Fønnes bygdelag.
Julekonsert desember 2022.
Diverse andre songoppdrag
- **Teaterverkstad** – Kulturskulen i samarbeid med Frivilligsentralen
- **Strikkekveld og sykkveld** - anna kvar veke på Seniorsenteret.
- **Digital opplæring av eldre** – kurs 1 gong i veka.
- **Tango for to** -dans for godt vaksne, 1 gong i mnd.
- **Konsertar og arrangement** – Den kulturelle spaserstokken
- **Informasjon i smittevern for innvandrarar**

Andre aktivitetar i Frivilligsentralen

- **Middag på Kilstraumen** - 3 onsdagar i mnd.
- Måltider på Seniorsenter for heimebuende eldre.
- **Fadderfamiliar og faddere (Flyktningguide)**
Frivillige som kontaktpersonar og turvener for flyktningane.
Hjelp til øvelseskøyring, tannlege mm.
Innsamling av klede, utstyr, sykklar mm.
- **Dagleg leiar bistår vaksenopplæringa med blant anna å skaffe praksisplasser for nyankomne flyktningar.**
- **Anna arbeid med flyktningar, som mottak, praktisk bistand ved mottak og samtalar.**

- **Frivillige**
Fleire nye frivillige til ulike aktivitetar og oppgåver.
- **Følgjeteneste**
Følgje til f.eks. lege, sjukehus, frisør eller butikkar.
- **Besøkseneste og turven**
Nye koplingar til felles nytte og hyggje
- **Besøkseneste / Frivillige på Nordliheimen**
- **Frivillige til transport/ tur på den elektriske taxisykkelen.**
- **Dagtilbod på Blåhuset/Seniorsenter for menneske med demens**
Frivillige på dagsenter 3 dagar i veka
- **Hjelpeinnsats med daglegvarer og apotekvarer mm.**
Frivillige handla naudsynte varer for heimebuande eldre og andre.
- **Transport**
Frivillige hentar og bringer til m.a. Seniorsenteret
- **Praktisk hjelpeteneste**
Hjelp til snømåking og andre gjeremål.
- **TV – aksjonen**
Dagleg leiar var sekretær i kommunekomiteen.
- **Dagleg leiar er i komité for utdeling av kulturmidlar.**
- **Samling for frivillige**
- **Tenester for lag og organisasjonar**
Hjelp til å trykke / skrive årsmelding, brev, songar osv.
Auka kontakt mellom ulike lag, organisasjonar og Frivilligsentralen.
- **Matkasse aksjon til dei med behov**
- **Utdeling av ved til ulike med behov**
- **Eldredagen i samarbeid med eldrerådet.**
- **Stor markering av frivillighetsåret 2022 – sykkelstur gjennom landet.**
Arrangement i regi av Norges frivilligsentraler. Samarbeid med Fønnes Bygdslag, Sanitetsforeningar, idrettslag og Austrheim kommune.
- **Administrasjon av søknadar til den kulturelle spaserstokk**
- **Samarbeidsretta tiltak mot skule – eks. faget innsats for andre**
- **Administrativt arbeid mot frivillige medarbeidare, kommune, lag og organisasjonar.**
- **Organisering, arrangering og planarbeid**
- **Søknad om midler til ulike prosjekt og rapportering**
- **Oppfølging av 115 frivillige**
- **Utleige Seniorsenter**
Frivilligsentralen er ansvarleg for drift av Seniorsenteret
- **Dagleg leiar har deltatt i arbeidet med kvalitetsreforma " Austrheim heile livet"**

Ufordringar

I dagens samfunn har vi store utfordringar med å oppretthalda lag og organisasjonar. Det er også slik i Austrheim. Fire lag i kommunen er nå nedlagt. I mange tilfeller er det frivilligsentralen sine aktivitetar som erstattar dette. Frivilligsentralen si rolle vert då å bistå i arbeidet med å byggja opp ein ny organisasjonskultur.

Mange ynskjer å vere frivillig og gjere ein innsats, men vegrer seg for å ta ansvar.

Frivilligsentralen har nå kontor på Seniorsenter.

Dagleg leiar vil arbeide for lokalisering av frivilligsentralen på kommunehuset.

Utvikling

Ny tilbod som digital opplæring av eldre

Midler frå Helsedirektoratet - middager på Kilstraumen og måltider på Seniorsenteret

Oppstart av kulturverkstad i samarbeid med Kulturskulen

Innkjøp av elektrisk taxisykkel

Utviding av dagtilbod for demente.

Frivilligsentralen samarbeider med lag og organisasjonar, helseavd, heimesjukepleie, pårørende, Nordliheimen, fysioterapeut, psykiatrisk sjukepleier, Nav, Kulturskule, ungdomskonsulent, kulturavdeling, eldreråd og andre instansar

Utvalde resultat og viktige hendingar

Prosjektet middagar på Kilstraumen og måltider på Seniorsenteret har ført til auka aktivitet blant deltakarar og brukarar. Mange eldre vart sittende heime etter pandemien og det var vanskeleg å få dei ut i aktivitet. Prosjektet frå helsedirektoratet har verkeleg gjort ein forskjell for heimebuande eldre.

Innsatsen til dei frivillige utgjør 4,5 årsverk



Austrheim 21.02.23

Rigmor Ludvigsen

Dagleg leiar

Frivilligsentralen